



Forsand skule

Referat frå møte i samarbeidsutvalet ved Forsand skule tysdag 17.10.17 kl 18.00-19.45

Til stades:

Gunleif Haukelid
Anne Lansom
Inger Lise Riveland
Marit Oaland Guse
Ellen S. Barka
Liv Kristin Eggen
Haakon S. Meyer
Aina Espedal
Monica Helgøy

Politisk representant
FAU
FAU
Andre tilsette
Lærarrepresentant
Lærarrepresentant
Elevråd
Elevråd
Rektor

Samarbeidsutvalet

SAK 1/17

Val av leiar, nestleiar og referent

Ellen Stangebye Barka blei vald til leiar og referent.
Inger Lise Riveland blei vald til nestleiar

SAK 2/17

Skulen sine ordensreglar

Rektor kom med forslag om at dagens ordensreglement står for nå, men reviderast våren 2018.
Vedtaket blei einstemmig vedtatt.

SAK 3/17

Skulen sin plan for heim-skulesamarbeid

Rektor informerte om at planen må endrast ved at namnet Olweus må tas ut, då skulen ikkje er sertifisert som Olweus-skule. Forslag om at planen deretter skal trykkast som brosjyre, og at denne blir gitt ut til alle føresette til 1.klassingar, til føresette for nye elevar, samt lagt inn i alle klassekontakt-permane.
Vedtaket blei einstemmig vedtatt.

SAK 4/17

Lokale læreplanar og halvårsplanar

Lokale læreplanar er lærarane sine arbeidsdokument. Dei er omfangsrrike og under stadig revisjon. Alle lokale planar er alltid tilgjengelege for føresette som vil ha innsyn. Halvårsplanane er eit mykje meir komprimert dokument, og dette skal ligge på skulen si heimeside på kvart trinn.
Vedtaket blei einstemmig vedtatt.

SAK 5/17

Skulen sitt uteområde.
Orienteringssak

Sosiallærer Katrin Persche har sendt brev til kommunen v/ordfører og rådmann, med ønske om utbetring av ungdomskulen sitt uteområde, som per i dag innbyr til liten eller ingen aktivitet. Elevane ønsker seg ein balansepark tilpassa si aldersgruppe.

SAK 6/17

Endring av skulen sin visjon

Skulen sin nåverande visjon er: «Læring i fokus. Alle er engasjerte og trivs.»

Namnet på skulen sin Plan for heim-skulesamarbeid er «Forsand skule – der læring og trivsel går hand i hand» og forslag blei fremma om skulen skulle endre sin visjon til denne.

Vedtaket ble einstemmig vedtatt.

SAK 7/17

Yoga i skulen

Det blei fremma forslag om at yoga kunne utførast i skulen.

Vedtaket ble einstemmig vedtatt.

SAK 8/17

Informasjon via skulen

Tradisjonelt sett har skulen vært ein arena som «postkontor» kor ein deler ut informasjon om diverse fritidstilbod. Forslag blei fremma om at skulen ikkje skal brukast til utdeling av informasjon om fritidstilbod (med unntak av bursdagsinvitasjonar).

Vedtaket ble einstemmig vedtatt.

SAK 9/17

Plan for psykososialt miljø på Forsand skule
Orienteringssak

SAK 10/17

Eventuelt. Meldast rektor på førehand. Seinast 10 dagar før møtet.

Ingen oppmelde saker.

Neste dato for SU-møte tysdag 12.12 kl 18-19:30